

ÅRSMØTE 2014

Måndag den 24.november 2014 kl. 18:30
Stad: Helsehuset, Markegata 61 (ved Shell)

SAKLISTE

- 1) Godkjenning av innkalling
- 2) Godkjenning av sakliste
- 3) Val av møteleiar
- 4) Val av to møtesekretærar
- 5) Val av to til å skrive under møteprotokollen
- 6) Godkjenning av Årsmelding for 2014
- 7) Godkjenning av Rekneskap for 2014
- 8) Val av:
 - a) – leiar
 - b) - to styremedlemer
 - c) - to varamedlem
 - d) - revisor
 - e) - to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte
 - f) - 1 medlem til valnemnda

Medlemmer til:

- Hav og fjellsport gruppa
- Barnas Turlag gruppa

- 9) Innkomne saker:
 - a) Ingen saker
 - 10) Handlingsplan og turar for 2015
 - a) Sjå saksvedlegg side 11
 - 11) Fastsetting av losji prisar for 2015
- Forslag til vedtak:
- Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene
- 12) Fastsetting av turavgift for 2015
 - a) Sjå saksvedlegg side 11
 - 13) Godkjenning av budsjett for 2015
 - a) Sjå saksvedlegg side 12

I år får vi besök til årsmøte vårt av assisterande generalsekretær i DNT

Anne Mari Aamelfot Hjelle.

Etter årsmøtesaker vi ho halde foredraget:

- DNT - snart Norges sprekest 150-åring!



FLORA TURLAG



ÅRSMELDING 2014



Flora Turlag (FT) er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforening (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er Flora kommune. Flora Turlag utøvar sitt arbeid i Flora kommune og tilliggjande fjellområde, særleg Ålfotbreområdet.

Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig, og naturvennleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Flora Turlag har 4 ubetjente hytter. Alle hyttene er ubetjent d.v.s. dei er utan proviant, men dei er utstyrt med dyner, puter og kokeutstyr.

Flora Turlag arrangerer fellesturar og kurs.
Turlaget legg og til rette for merking av nokre turområder.

Flora Turlag gir uttale i naturvernsaker og til kommunale planar.

STYRET 2014

Leiar: Siv Merete Stadheim – (på val)
Nestleiar/Styremedlem: Kjartan Kvellestad – (på val)
Styremedlem: Sissel Strømmen – (på val)
Styremedlem: Espen Skalle – (ikkje på val)
Styremedlem: Kjetil Tveranger – (ikkje på val)
Kasserar: Ane Eliassen – (ikkje på val)

Varamedlem: Roger Bareksten – (på val)
Varamedlem: Idun Jansen– (på val)


Revisor: Alvar Melvær – (på val)

Valnemnd: Dag Eliassen – (på val)
Siri Stavang – (på val)
Kjell Hillersøy - (ikkje på val)

MEDLEMSUTVIKLING

Medlemstal per 25.10.2014: 604. Om lag 11,9% auke frå 2013.
Det tilsvasar omlag 5 % av Flora kommune sine innbyggjarar.

Medlemmar	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003
Hovudmedlemmer	341	311	300	290	271	245	224	210	208	202	200	188
Husstandsmedlemmer	112	103	93	88	70	62	62	65	58	60	60	54
Student-/skolemedlemmer	37	33	35	37	11	29	17	13	14	13	8	7
Honnørmedlemmer	45	42	39	34	32	18	14	17	18	21	19	19
Barmedlemmer	63	44	51	46	39	33	27	21	11	8	11	3
Livsvarige medlemmer	6	7	7	7	7	6	6	4	4	3	4	4
Totalt	604	540	525	502	456	393	350	330	313	307	302	275



Vi har 2 æresmedlemmar Arne Grov og Kjartan Tveranger

MØTER/REPRESENTASJON

Flora Turlag:

Styret har hatt 6 møter.

Vi har hatt 1 turprogramkveld for helgaturar og tysdags- og onsdagsturar.

Turbokrimmen: møte med folkehelsekoordinator Elisabeth Solheim.

Turlaget var sokjar av Gjensidigemiddlar i eit samarbeid med folkehelsekoordinator, Flora kommune m.fl. Det har vore fleire samarbeidsmøter mellom samarbeidspartane. Turlaget har bidrige inn i prosjekt med bestilling av skilt samt gått opp trasear.

Sommaren 2014 vart det signert avtale med Kinn kyrkjekontor om at det gamle skulehuset på Kinn vert DNT hytte. Avtalen er ein samarbeidsavtale med kykkekontoret der kostander og inntekter vert del mellom partane og evnt overskot frå drifta går til investeringar i hytta. Hytta er i sommar/ haust oppgradert med møblement samt det er montert varmepumpe.

Sogn og Fjordane Turlag:

Årsmøtet Sogn og Fjordane Turlag på Skei: Siv Merete Stadheim

Fellesmøtet Sogn og Fjordane Turlag i Flåm: Siv Merete Stadheim og Ane Eliassen.

Siv Merete Stadheim har og delteke i eit arbeidsutval vedr. kommunikasjon i S&Fj DNT.

DNT

Sti og merkekurs: Astrid Breiland Eliassen.

Turleiar kurs, nærmiljøturar: Astrid Breiland Eliassen, Arnfrid Bergheim, Hilde B. Reksten.

TURAR/PROFILERING/AKTIVITETAR

	2014	2013	2012	2011	2010
Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. BT-turar og tysdags- og onsdagsturar	136	91	99	58	57
Av disse:					
• Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	47 (15 avlyst)	18 (8 avlyst)	11 (19 avlyst)	12 (17)	19 (13)
• BT arrangement	10	9 (1 avlyst)	6 (4 avlyst)	13 (5)	7 (2)
• Tysdag og onsdagsturar	39 (3 avlyst)	42 (5 avlyst)	35 (2 avlyst)	33 (3)	31
• Ganglaget (torsdag)	37	18	32		
• FHF turar/kurs/arr	21	4	15 (2 avlyst)		
• Deltakere:					
Vaksne helgaturar/BT	554/46	188/429	602	577	1100
Barn helgaturar/BT	1150 b/v*	15/447	493	284	978
OPPTUR	170	170	170	160	150
Tysdag- og onsdagsturar	405 (7 barn)	453 (14 barn)	693	625	572
Torsdagstur/ Seniorgr.	274	126	256		
FHF	21	31	116		
Totalt	2627	1873	2330***	1646	2800**

() tal i parentes er tal avlyste turar

**I desse tall ligg 600 deltagarar (300 ungar og 300 vaksne) på Kom deg utdagen. ** i disse tala ligg det 800 deltagarar (400 born og 400 vaksne) som deltok på KOM DEG UT KYSTDAGEN som var ein del av 4H sin Kystdag ved Kystmuseet. Ein ser at sjølv om ein trekke dei tala heilt ut kjem ein likevel ut med eit bra tal deltagarar for 2010: 2 000.*

**** i disse tala ligg det 500 deltagarar (300 born og 200 vaksne) som deltok på KOM DEG UT KYSTDAGEN som var ein del av 4H sin Kystdag ved Kystmuseet. Ein ser at sjølv om ein trekke dei tala heilt ut kjem ein likevel ut med eit bra tal deltagarar for 2012: 1 830. Tala er justert etter årsmøtet då ein oppdaga at det var ein feil i summeringa i Excelfila som låg til grunn for tala.*

I år hadde vi 50 turar/arrangement i SFT programmet inkl BT arrangement og FHF arrangement (utanom tysdags-, onsdag- og torsdagsturar). Det har vore nokre avlysingar – hovudsakleg pga. vær.

Turane har vore gjort kjent på heimesida til Flora Turlag – www.turistforeningen.no/flora, og dei har vore annonsert helgeturar i Firdaposten. Det har vore sendt ut informasjon på epost om turar/ arrangement. Eivind Hauge har vore aktiv med å leggje ut turane på turlaget si Facebook-side. Nokre turar har også vore annonsert på www.kystpuls.no og marknadsført per e-post.

Turane har som vanleg vore i SFT sitt Turprogram som vert sendt til heile fylket. Firdaposten og Firda har vore flinke til å skrive om turane våre i ettertid når vi har sendt inn bilet og turomtale.

Barnas Turlag:

Tal turar/arrangement: 10

Deltakarar: 750 born og 400 vaksne

Aktiviteten i BT har stort vore god i år. Vi har arrangert turar på Eikefjordsstølen, Finn-fram-dagen i Brandsøyåsen og stølsdag på Midtbøstølen med dugnad og opning av det nye grindhushuset. I tillegg hadde vi ein flott aktivitetsdag ved Storevatnet og arrangement i samband med Kinna-spelt på Kinn.

OPPTUR:

Flora Turlag og DNT skipa for 9. gang til OPPTUR for 8. klassingar. Det var om lag 170 8. klassingar på Brandsøyåsen denne dagen. Det var elevar frå både Eikefjord og Flora ungdomsskule. Dei deltok med alle 8.klassar.

Seniorgruppa delte ut frukt ved Torvmyrane skule. Flor Vidaregåande skule hadde aktivitetar ved Storevatnet mellom anna natursti.

Tysdags og onsdagsturar:

Tal turar: Oppsatt 39 turar og 3 av desse vart avlyste.

Deltakarar: 405 vaksne og 7 barn.

Også i år har vi hatt turar både tysdag og onsdag frå slutten av april til ut september. Nokre av turane har vore tematurar. Grønevika med besøk hjå Ruth og Arne Grønevik var den turen som i år samla flest deltakarar (41 stk) samt Reksta-turen var populær med 33 stk.

Astrid Breiland Eliassen, Signe Nordvik og Marit Linda Espeseth hatt ansvaret for midtveketurane i år.

På vinteren/våren når vi har informasjonsmøte om turane trekker vi ut premier for dei som har vore med på tirs/onsdagsturane.

Serniorgruppa/ torsdagsturen:

Ganglaget ble starta som et samarbeid mellom Turlaget og Pensjonistlaget for 2 år siden. Fra september 2013 har Turlaget ved Trygve Nybø vært med å starte opp eiga Seniorgruppe. Seniorgruppa har gjennom året kalla seg torsdagsturen. Dette tilbodet er for dei som har muligkeit til og gå på tur på dagtid. Denne aktiviteten har vore svært populær i 2014. Heile 274 personar har vore med på tur i år! Gruppa følgjer skuleåret for sin aktivitet.

Flora Hav og fjellsportsgruppa:

Leiar: Terje Grøneng

Medlemmer: Kolbjørn Nesje Nybø, Anders Espeseth og Kjetil Høidal

Gjennom FHF ønskjer Flora Turlag å øke aktiviteten innan tradisjonell fjellsport og der igjennom å tiltrekke oss nye målgrupper generelt og ungdom spesielt.

Gruppa har i år hatt padletur med overnatting samt bratt tur i Magnhildskaret. Det vart også arrangert 2 stk padlekurs med totalt 17 deltagarar. Det var og planlagt skiturar men avlyst pga snømangel.

Sikkerheit:

2 avviksmeldingar frå turar 2014.

Merkenemd.

Astrid Breiland Eliassen, Dag Eliassen og Jofrid Sundal

Det har vore gjennomgått stien og satt opp skilt til Gjegnabu og gjennomgang på stien til Blåbrebu. Jobbast med informasjonstavler for Ålfotbre- området.

Ein har og jobba ein del med førebuing til mekreprosjektet med Gjensidige- middlane. Astrid Breiland Eliassen er turlaget sit representant i arbeidsgruppa som er oppretta for prosjektet. Skilta frå sentrum - over Storeåsen, frå sentrum via Havhesten/ Kleiva til Sørstand er tilnærma ferdigstilt. Frå Havhesen skal det merkast vidare til Brandsøyåsen og dette prosjektet vert sett i samanheng med oppgradering av stinettet i Brandsøyåsen.

Kom deg ut dagar- BT

Kom deg ut-dagen er ein nasjonal turdag i regi av DNT. Dagen skal styrke kjennskapen til turlaget sitt kjernetilbod og gjennom det auke deltakinga i friluftsliv blant alle aldersgrupper.

Kom deg ut-dagen – vinter.

Grunna snømangel vart arrangementet flytta til Røvarhillaren. Ca 30 deltagarar som gjekk tur i regnværet.

Kom deg ut dagen-haust. Denne dagen fell alltid på same dag som 4H sin Kystdag på Kystmuseet. I år var vi med og hadde utandørsaktivitet med suppe på bål, ein fekk lage seg suppe og kokte kaffi på bålpanna. Ungane prøve seg på balansetau mellom trea utanfor Kystmusset.

Vi hadde og planar om å arrangere KOM DEG UT hyttetur og fottur til Lassenipa men veret/meldingane var så dårlege at det ikkje vart noko av.

TURBØKER

Turlaget har 14 turbøker plasser i kasser sponsa av lokalt næringsliv.

Brandsøyåsen – er det best besøkte turmålet med ca 35 000.

Hovlandstølen er og eit populært turmål med auke på over 140% frå året før. I dette området har grendalaget i Eikefjorden lagt til rette god stimerking.

Og Hatlesetnipa har ein god vekst på tal besökande denne sesongen.

Turbøker	Antall 2013	Antall 2014
Brandsøyåsen	33 152	34 846
Terdalskeipen	575	685
Haukånipa	282	334
Klauekeipen	195	297
Hatlesetnipa	1 750	2 657
Slettevarden	105	109
Batalden	448	672
Uførefjellet	540	1 443
Middagsnipa	100	17
Snøfjellet	28	105
Hovlandsstølen	2 118	5 130
Stølsvatnet		
Høydalsnipa, ny 2014		216
Flatenipa	60	171
Endestadnipa	95	134
Totalt	39 448	46 816

Turboktrimmen

Turboktrimmen er eit samarbeid med Flora Kommune.

SAMARBEID

På tysdags og onsdagsturane våre har vi veldig ofte med oss lokale kjentfolk. Mange tek kontakt og ønskjer at turlaget skal gå tur i deira nærområde.

I år har vi hatt samarbeid med 4H om Kystdagen på Kystmuseet.

Florø Skyssbåt AS er ein god samarbeidspart i samband med leige av båt til dei mange øyturane våre.

Turboktrimmen – samarbeid med Folkehelsekoordinator i Flora Kommune.

Vi har også eit godt samarbeid med Nordalsfjorden grendalag om stølsdag på Midtbøstølen.

I år arrangerte vi tur til Svanøy i saman med Historielaget i høve 200 års jubileet til Grunnlova. Samarbeid med Kinnaspelet og tur for BT.

HYTTENE

Grytdalsbu

Vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver.

Tilsynsmann: Stig Solheim.

Blåbrebu

Vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver.

Tilsynsmenn: Ørjan Halvorsen og Olaf Rimmen.

Gjegnabu:

Vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver.

Tilsynsmenn: Steffen Hestenes og Martin Mettenes.

Kinn:

Etablert avtale om bruk av hytta. Styret var i vår på synfaring. Sommaren vart det teke ut nytt møblement (stor takk til Signe som skaffe oss masse flotte møblar!!) til hytta. Det vart rydda og kasta mykje av det gamle som sto der. Det er og montert varmepumpe, kjøpt inn trallevogn samt nye dyne/puter og sengesett.Tilsynsmann: Alfred Kvellestad.

HYTTEBESØK.

		14	13	12	11	10		14	13*	12	11	10
Grytadalsbu	Overnatting	15	17	5		7	Dagsbesøk	160	50			34
Børabu	Overnatting			-	-	-	Dagsbesøk			-	-	-
Gjegnabu	Overnatting	166	122	105	83	140	Dagsbesøk	7	7		1	16
Blåbrebu	Overnatting	104	42	72	79	130	Dagsbesøk	14	30	3	3	-
Gamle Blåbrebu	Overnatting			5	3	2	Dagsbesøk					-
Kinn	Overnatting	25										
Totalt		310	181	187	165	107		181	87			24

*dagsbesøk er stipulerte tal.

NATURVERNARBEID:

Flora har ein vakker og unik natur med gode mulegheiter både for fjellsport, lettare turar og kajakk anna aktivitet knytt til sjø og hav. Dette kan lett bli ei sovepute når det gjeld å ta vare på naturen. Dei seinar åra har vi hatt fleire saker der utbyggingsinteresser har utforda natur og friluftsinteresser.

Det er gitt konsesjon til bygging av vindturbinar på Gulesletten. Argument frå politikarar er at vi har nok natur og ta av. Det er ei utfordring at utbyggingane skjer som enkelsaker utan at føreligg ei samla plan for kva som bør takast vare på og kva som kan utbyggast.

TURBOK:

På årsmøte i 2012 vart det vedteke at Flora Turlag skal utarbeide ei turbok for Flora kommune. Det er etablert ei redaksjonsgruppe for prosjektet bestående av Signe Nordvik, Eivind Nordvik og Harald Stavang. Boka vert lansert våren 2015.

Florø kommune har sponsa prosjektet med kr 100.000.

DUGNAD

Hytte: om lag 400 timer

Turleiing/arrangement: om lag 1100 timer

Tysdags og onsdagsturar: om lag 600 timer

Møter og administrasjon: 500 timer

Varding/ merking: 300 timer

TURLEIARAR

Desse har autorisasjon som turleiarar:

Grad 3: Stig Solheim, Kjetil Tveranger og Kolbjørn Hovland.

Sommarturleiar (Grad 2): Ludvig Solberg, Dag Eliassen, Alvdis Solvang, Alvar Melvær
Roger Bareksten, Terje Grøneng, Kjartan Kvellestad, Kari Nordvik Hauge, Eivind Nordvik
Hauge, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen og Kolbjørn Nybø

Nærmiljøturleiar (Grad 1): Lene Eliassen, Sissel Strømmen, Espen Lothe, Aina Solheim,
Inger E Solem, Trygve Nybø, Lars Bjørbæk, Nina Seljestokken, Ane Eliassen, Bente Årebrot,
Merete Moe, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Ulf Brendø, Astrid
Jurgensen, Helge Dale, Danckert Dankertsen, Anders Cassells, Arnt Hellevang, Hilde
Charlotte Strømsnes, Janne Kristin Fristad, Marit Gjerstad, Sara Steine, Terje Heggheim,
Oddvar Myhre, Siri Stavang, Idun Jansen, Siri Jansen, Monica Støyva, Anders Myklebust,
Gunnar Furelid, Knut Hjermann, Oddgeir Hamn, Torbjørn Lysne og Eilif Bjerck.

SPONSOR/ TILSKOT tildelt:

- FMC sponsoravtale på kr 15.000 til drift annonsering pr.år.
- SFE sponsorfond støtte til hytta på Kinn.
- Sparebanken Sogn og Fjorden kr 10.000 til hytta på Kinn.
- Kulturmiddlar Flora Kommune kr 7.000 til aktivitet.
- Fysisk aktivitet fylkeskommunen kr 14.000 til Opptur samt div. aktivitet.
- Norsk Tipping, grasrotandel kr 8.746
- Formålskapital, DNT kr 14.264
- Momskomp. kr 10.603
- DNT- Frifond kr 5.000 til Opptur + årsrapport kr 5.000
- DNT- Frifond kr 25.700 til Barnas Turlag
- Forum for naturforvaltning – restutbetaling for stisøknad 2011 og 2012 kr 18.864

Totalt ca 160.000 støtte i 2014.

Vi vil rette ei stor takk til alle dei som gjer ein uvurderlig dugnadsinnsats for turlaget!

Siv Merete Stadheim

Espen Skalle

Ane Eliassen

Sissel Strømmen

Kjetil Tveranger

Kjartan Kvellestad

SAKSVEDLEGG

Sak 10: HANDLINGSPLAN FOR 2015

Styret har følgjande forslag til handlingsplan for 2015:

2015	HANDLINGSPLAN FOR FLORA TURLAG		
Hovemål:	Medlemmar og potensielle medlemmar		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
650 medlemmar	5 mediaomtaler Ferdigstille merkeprosjekt		
Turpogram	Oppsett turar inkl møte for turledere		
Samarbeid turistkontor	Endre S&Fj fordelingsmodell slik at vi får tilskotet for turistkontoret direkte frå DNT.		
Turbøker	15 turbøker i kommunen		

Hovedmål:	Tilbod.		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
Arrangere turar	Tirsdag- og onsdagsturar april-mai Torsdagsturar på dagtid, føl skuleåret Opptur for 8.kl Helgeturar		
• BT	Arr kom deg ut dag, Midbøstølen, div helgearn.		
• Hav og fjellsport	Bre, kajakk og klatring. Bre/klatring på Gjegnabu.		
Hyttedrift	Jobb med eit forprosjekt til sikkringsbu på Gjegnabu. Vedlikehald på hyttene.		
Dugnad	Stimerking; Blåbrebu og Brandsøyåsen.		
Kurs	Førstehjelpeskurs Fjellmedisinkurs Turledarkurs trinn 1		
Turboktrim	Organisere turboktrim saman med kommunen.		

Hovemål:	Naturforvaltnig.		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
Vindturbiner på Guleslettene.	Følgje opp den saka med tilrettelegging for turfolket.		

Hovemål:	Organisasjon:		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
Overskit styre og aktivitetsgrupper	Ansvarspersoner på gruppenivå.		
5 styremøter.	Følgje handlingsplanen		
Samarbeid Sogn og FJ og DNT	Aktivt bidra til og utvikle organisasjonen DNT.		

Sponsorer	Søke på midlar til drift og prosjekt.		
-----------	---------------------------------------	--	--

Hovemål:	Kommunikasjon:		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
God informasjon -Medlemmar	Alle turar skal publiseras på våre FB sider.		
	Vekebrev til alle om aktivert til alle medlemmar (e-post (DNT lister))		
	Publisere turrapporter.		
Media	5 mediaomtaler om aktivert		
Samarbeidsparter	Delta på 4 møter med samarbeidsparter, t.d kommune, folkehelse osv.		
Sosial media	Systematisk marknadsføring på FB, Instagram og Kystpuls. Kurs.		
«Turmagasin for Florø»	Vurdere og utgi hefte for Flora.		

TURFORSLAG 2015

Sende ut mail til turleiarane og lagt ut informasjon på heimesida om at ein ønskjer innspel på turar til neste års turprogram. Frist for innspel i første runde er satt til 5. desember. Styret tek innspela med seg og set opp eit utkast til turprogram for 2015. Utkastet vert sendt ut til turleiarane slik at dei kan melde seg som turleiar på turane. Det endelige programmet vert spikra på Turprogramkvelden som vert halden i desember. Då kan ein og kome med forslag til turar.

Sak 12: TURAVGIFT 2015

Turavgift: Heildagsturar: medlemar: gratis ikkje medlemar: kr. 100.00
Tysdags og onsdagsturar: inga avgift utover faktiske transportkostnadar

Barn under 15 år gratis

Transport kjem i tillegg

SAKSVEDLEGG

Sak 13: BUSJETT FOR 2015

Sak 13: Budsjett

Inntekter	2015
Medlemskontigent	160 000
Turavgifter	60 000
Overnatting hytter	25 000
Kurs	0
Tilskot	150 000
Annet	
Sum	395 000
Kostnader	2015
Kostnader arr -Båttransport	65 000
Annonser	50 000
Hytter	100 000
Kurs	50 000
Merking	20 000
Møter/kurs/oppdateringer o.l	40 000
Annet	100 000
Sum	425 000
Renter	30 000
Årsresultat	0